



Prosjektmandat (administrativ bestilling)

Prosjektnr	Namn	Saknr
(økonomi)	Beredskapsplanlegging ny kommune (Radøy, Lindås og Meland)	(websak)
Prosjektfase	Forprosjekt - 2017	
Organisering		
Oppdragsgjevar: Rådmenn i Radøy, Lindås og Meland		
Styringsgruppe: Rådmenn i Radøy, Lindås og Meland. Ass. rådmann i Lindås (Prosjektansvarlig)		
Prosjektansvarleg: Ass. rådmann i Lindås		
Prosjektleder: Beredskapskoordinator i Lindås kommune, Ståle J Hauge		
Prosjektgruppe:		
<ul style="list-style-type: none">• Ståle Hauge, Lindås kommune (prosjektleder)• Harald Stanghelle, Radøy kommune• Kari Anne Iversen, Meland kommune• Ekstern koordinator		
Referansegruppe(r):		
<ul style="list-style-type: none">• Brannsjefar i Meland, Lindås og Radøy, kommuneoverlegar, fagansvarleg på sektornivå, kommunal kriseleiing i alle kommunane. Politi og beredskapsråd. Aktuelle frivillige aktørar. Sivilforsvaret.		
Bakgrunn og forankring		
<p>Kommunane Meland, Radøy og Lindås skal slå seg saman til ein ny kommune frå 01.01.2020. I tida fram til den nye kommunen er på plass, er det behov for å etablere ulike prosjekt som skal førebu og leggje til rette for arbeidet i den nye kommunen. Eitt av desse områda er arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, og det ansvaret kommunen har etter lov om kommunal beredskap (Sivilbeskyttelseslova) og forskrift om kommunal beredskapsplikt.</p> <p>Det er behov for å etablere eit fellesprosjekt som skal leggje grunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i den nye kommunen. I første omgang blir det eit forprosjekt som skal bidra med eit kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet. For å gjennomføre dette forprosjektet ønskjer kommunane å søkje skjønsmidlar 2017 frå Fylkesmannen. Samfunnstryggleik og beredskap er eitt av områda som er særleg</p>		

prioritert for skjønsmidler i 2017.

Hovudmål med prosjektet:

Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i den nye kommunen.

Resultatmål

Det blir etablert eit forprosjekt som skal leggje grunnlag for korleis ein skal sikre god beredskapsplanlegging og beredskapshandtering i den nye kommunen. Forprosjektet skal levere følgjande:

- 1) Kartlegging og analyse av korleis Radøy, Meland og Lindås arbeider med samfunnstryggleik og beredskap i dag. Prosjektet skal vurdere følgjande områder:
 - Forankring i overordna planar (Kommuneplan, kommunedelplan osv)
 - Status overordna ROS, system for risikovurdering og ei oversikt over samla risikovurdering i alle kommunar.
 - Plan og system for kommunal kriseleiing (KKL)
 - Bruk av ulike beredskapssystem og verktøy (Eks. CIM)
 - Oversikt over beredskapsavtalar
 - Oversikt over temavise beredskapsplanar (Smittevern, helseberedskap etc)
 - Oversikt og system for sektorvise beredskapsplanar (Oppvekst, helse, vatn)
 - System, malar, rutinar og organisering av beredskapsarbeidet
 - Vurdere om kommunane har ein «raud tråd» som viser eit heilskapleg system for samfunnstryggleik og beredskap
- 2) Ei vurdering av praksis i dei tre kommunane innanfor beredskapsarbeidet, og anbefale korleis ein skal bygge opp eit felles system i ein ny kommune med bakgrunn i ei samla risikovurdering.
- 3) Skissere vegen vidare for å sikre at den nye kommunen er best mulig førebudd på arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i 2020. Eit døme er å utarbeide ein felles ROS for ein ny kommune.

Effektmål

- Sikre at den nye kommunen har eit godt system på plass før 31.12.2019 for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap

Budsjett og finansiering

Budsjett:	Beløp i kr
Møter, administrasjon og reiser	20.000
Intern prosjektleiing	130.000
Ekstern prosjektleiing/støtte	250.000
Total	400.000
Finansiering:	
Skjønsmidler frå Fylkesmannen 2017	300.000
Kontantbidrag frå kommunane	50.000

Eigeninnsats frå kommunane	50.000
Total	400.000
Risikofaktorar	
Dette blir vurdert i arbeidet med prosjektplan	
Framdrift:	
Prosjektstart: Mai 2017	
Prosjektperiode: Mai 2017 – Desember 2017	
Prosjektslutt: Desember 2017	

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.10	24.02.17	Dokument oppretta	Hogne Haugsdal
0.20	26.06.17	Dokument justert etter møte i styringsgruppe	Hogne Haugsdal